

Re-emergence of the Colorado River Delta



NILE RIVER DELTA



Årsrapport 2017-2018



Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
The Oslo School of Architecture and Design

Årsrapport (2017–2018)

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo

Innhald

Årsmelding frå styret 2017	3
Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Årets aktivitetar og resultat	7
Sektormål 1 Høg kvalitet i utdanning og forskning.	7
Sektormål 2. Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	17
Sektormål 3. God tilgang til utdanning	21
Sektormål 4 Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem .	24
Styring og kontroll i verksemda	27
Vurdering av framtidsutsikter	31
Sektormål 1 Høg kvalitet i utdanning og forskning.	31
Sektormål 2 Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	36
Sektormål 3 God tilgang til utdanning	38
Sektormål 4 Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem ..	40
Budsjett for 2018	41
Styret sine kommentarar til rekneskapen ved AHO for 2017	42
Årsrekneskap 2017	43

Årsmelding frå styret 2017

Styret har vedteke ein handlingsplan for resten av strategiperioden som dannar grunnlag for arbeidet til leiinga og styret frå 2017 til 2020.

Studiekvalitet har òg i 2017 vore eit hovudfokusområde for styret, med oppfølging av Kvalitetsmeldinga, ei ny masterforskrift og styrking av fagleg leiing i studieprogramma som dei viktigaste punkta. Det vart i 2017 etablert programutval for alle ordinære studieprogram, inkludert ph.d.-programmet.

Styra ved AHO og Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet vedtok begge skiping av ein femårig fellesgrad Master i landskapsarkitektur.

Styret har vedteke ein ny handlingsplan for likestilling og mangfald.

Slutføringa av forskingsevalueringa er noko forseinka, men den endelege rapporten vert slutført våren 2018. Styret er halde kontinuerleg orientert om evalueringa og aktivitetane knytt til denne.

Styret har bede om ein gjennomgang av organisasjonsstruktur og leiing. Gjennomgangen førde til at tiltak knytt til kultur, leiing og arbeidsformer vart lista opp og diskuterte. Tiltak for å styrkja organisasjonen skal utgreiast vidare.

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo fekk nytt styre hausten 2017.

Vurdering av dei samla resultatata, ressursutnytting og måloppnåing for 2017

Styret vurderer dei samla resultatata ved AHO som svært gode. Resultata på dei fleste nasjonale utdanningsparameter er svært gode, og AHO sine utdanningsprogram er internasjonalt anerkjende. Dette gjev seg utslag i høg internasjonal søking til studia og gode resultat i rangeringar og studentkonkurransar. Søkjartala til begge dei integrerte AHO-studia er svært tilfredsstillande, både generelt og målt mot samanliknbare studium.

Styret er svært nøgd med nybrottsarbeidet knytt til å etablere ein ny 5-årig integrert fellesgrad i landskapsarkitektur. Det er etter styrets mening gjort eit solid fagleg og administrativt grunnarbeid for å sikra eit godt fundert studieprogram.

AHO feira i 2017 25-års jubileum for forskarskulen. Samstundes oppnådde AHO sin doktorgrad nummer 100 og 10 disputasar vart gjennomførte. AHO har over lang tid hatt stor merksemd mot og systematiske tiltak for å auka gjennomstrøyminga på doktorgradsprogrammet. For 2017 har ho kome opp på eit akseptabelt nivå, men styret vil framleis halda oppsyn med gjennomstrøyminga.

Ut frå vurderinga i styret har AHO over tid hevda seg som ein forskingsinstitusjon, med jamne disputastal, høg del ekstern finansiering og betydeleg forskingsaktivitet. Styret er likevel bekymra over at AHO har ei forskingsfinansiering på eit lågare nivå i 2017, og vil følgja opp AHO si evne til å henta inn forskingsfinansiering spesielt og ekstern finansiering generelt.

Styret har òg i 2017 overvaka AHO sin økonomi nøye og er nøgd med styringa. Årsrekneskapen presenterer ein akseptabel økonomisk situasjon, og AHO har etter vurderinga i styret framtidsretta planar for bruk av reserven.

Prioriteringar for 2018

Dei viktigaste prioriteringane for 2018 vil vera å sikra ei god organisering av verksemda med handlingsrom for å arbeida vidare med studiekvalitet, forskingsstrategi, digitaliseringstrategi, personalpolitikk og campusutvikling.

Ei viktig utfordring er å sikra starten av det nye mastergradsprogrammet i landskapsarkitektur. Det er svært viktig å sikra studentane likeverdig og god infrastruktur på tvers av institutta, sikra rekruttering av gode fagfolk og tilrettelagde verkstader frå første dag.

AHO si eiga forskingsevaluering vert slutført våren 2018. Evalueringa vil danne grunnlag for vidare satsingar og strategiar for forskingsverksemda, og i diskusjonen om organisering av skulen.

Det er sett ned ei gruppe som vurderer kva vi kan oppnå innanfor digitalisering. Gruppa vil leggja fram rapport i 2018, og denne skal danne grunnlag for vidare arbeid med digitalisering. AHO utforskar tilhøve knytt til kunstnarleg utvikling og følgjer med på utviklinga av den nye ph.d.-en i kunstnarleg utviklingsarbeid.

AHO skal i løpet av våren 2018 koma fram til ein eigen basis for pedagogisk opplæring og pedagogisk meritering.

Ei viktig prioritering i 2018 er utvikling av campus. Sidan AHO flytta inn i Maridalsveien 29 har skulen vakse markant, og det vert no klargjort for overtaking av ei ny fløy i bygget. Skulen ser dessutan på om ytterlegare ekspansjon er mogleg. I samband med dette vert det gjort ei heilskapleg vurdering av campus.

Den interne budsjettmodellen til AHO er under revisjon, og styret skal i 2018 vedta ein ny modell som skal stø opp om primæraktivitetane.

AHO sine moglegheiter og utfordringar

Målet til styret er at AHO skal halda på posisjonen som ein av dei internasjonalt leiande arkitektur- og designhøgskulane. Styret ser på dette som eit ambisiøst, men realistisk mål.

AHO er godt stilt med omsyn til hovudmålsetjingane i Langtidsplan for forskning og høgare utdanning. Det er vesentleg at AHO evnar å vidareutvikla og nytta denne posisjonen.

Det er viktig å sikra ei tilstrekkeleg mengd kandidatar i designutdanninga for å møte etterspurnaden etter interaksjons- og tenestedesignarar. Kandidatane frå desse spesialiseringane er viktige bidragsytarar i møte med utfordringane skissert i Langtidsplanen. AHO har difor bede om nye studieplassar innan design i innspelet til statsbudsjett for 2019.

Fram til 2020 vil det koma ei betydeleg utskifting av vitskaplege tilsette ved AHO. Det er avgjerande for å forsterka og vidareutvikla AHO sin leiande posisjon at institusjonen held fram med å tiltrekkja seg dei fremste internasjonale fagpersonane.

AHO må utnytta føremonene ved å vera ein liten og fleksibel institusjon, samstundes som ei god og effektiv forvaltning må sikrast.

Oslo, 7. mars 2018



Gunnar B. Kvaran

Styreleder




Bård Vegar Solhjell



Lisa Ann Cooper



Mathilde Aggebo



Peter Hemmersam



Solveig Sandness



Andrew David Morrison




Reier Møll Schoder



Emil Søderstrøm



Frida McIntosh



Lise Amy Hansen

Introduksjon til verksemda og hovudtal

<i>Tal årsverk</i>	<i>138</i>
<i>Tal registrerte studentar</i>	<i>666</i>
<i>Totale inntekter</i>	<i>190,77 millionar</i>
<i>Total tildeling frå Kunnskapsdepartementet og andre departement</i>	<i>171,46 millionar</i>

Arkitektur- og designhøgskulen i Oslo (AHO) er ein vitenskapleg høgskule som gjev utdanning i arkitektur, design og landskapsarkitektur og tildeler gradane master og ph.d. AHO tilbyr òg spesialisert vidareutdanning i urbanisme og i arkitekturvern. I 2017 hadde AHO 666 studentar og 56 ph.d.-kandidatar. 25,5 % av studentane kjem frå andre land enn Noreg. AHO har 138 årsverk, av dette 98 i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar. Det er 1 lærar per 7 studentar, noko som gjev tett oppfølging og god kopling mellom forskarar, profesjonsutøvarar og studentar. AHO har ein liten administrasjon samanlikna med andre institusjonar i sektoren, og hadde 40 administrativt tilsette i 2017. Årsomsetninga var på 190,77 millionar, der 171,46 mill. er statlege løyvingar og 19.15 mill. eksternfinansiert.

Som ein spesialisert vitenskapleg utdannings- og forskingsinstitusjon er AHO i ei særstilling. AHO har godt kvalifiserte studentar og vitenskapleg tilsette, svært god søking og gjennomføringsprosent, nyt nasjonal og internasjonal heider, oppnår topprankingar innan fleire område, har god næringslivskontakt og innovasjonsevne, stor internasjonal kontaktflate og ei tydeleg rolle innan fagfelte våre: design, arkitektur, landskapsarkitektur, urbanisme og arkitekturvern.

Historie

Arkitektutdanninga i Oslo vart etablert i 1945 som eit krisekurs for arkitektstudentar som fekk utdanninga si avbroten av 2. verdskrig. Utdanninga var i starten ein del av Statens handverks- og kunstindustriskule (SHKS), fram til etableringa av ein sjølvstendig høgskule i arkitektur i 1962. Noregs første utdanning i industridesign vart etablert i 1979 som eit toårig etterutdanningskurs. Ei fullstendig utdanning vart starta i 1983. Frå 1989 var òg denne ein del av SHKS, men i 1996 vart industridesign overført til Arkitektthøgskulen i Oslo (AHO), som i 2005 bytta namn til Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo. I 2004 oppretta AHO eit masterstudium i landskapsarkitektur, og i 2016 fekk AHO i samarbeid med UiT Noregs arktiske universitet ein ny femårig integrert master i landskapsarkitektur. Det første opptaket av studentar finn stad hausten 2018.

Forskingsbasert undervisning, undervisningsbasert forskning

AHO har dei siste åra gjennomført ei sterk dreining mot forskning, og dette har i igjen styrkt undervisninga. Forskingsbasert undervisning og undervisningsinformert forskning er gjennomgåande i alle studieprogramma. Undervisninga, som for ein stor del føregår på teiknesalar og i velutrusta verkstader, er òg nært knytt til praksis og profesjonsutøving. Fleire av dei vitenskapleg tilsette har eigen praksis, og AHO sikrar òg kontakt med praksis gjennom å invitera eksterne spesialistar og praktiserande fagpersonar som lærarkrefter.

Årets aktiviteter og resultat

Sektormål 1 Høg kvalitet i utdanning og forskning.

AHO er ein privilegert skule; dedikerte og nøgde studentar og lærarar leverer gode resultat. Skulen er blant dei mest søkte lærestadane i landet og studentane ligg i toppen av studiebarometeret når det gjeld kor nøgde dei er og kor mykje tid dei brukar på studiet. Studiepoengproduksjonen er god, og det er tett kopling mellom forskning og undervisning. AHO har fleire internasjonalt orienterte forskingsmiljø med stor kontaktflate, det er nær kopling mellom fagmiljø og yrkesliv og høg grad av internasjonalisering. AHO set inn vesentlege ressursar for å oppretthalda dei gode rangeringane og vidareutvikle kvalitetsarbeidet på alle områda.

Verksemdsmål 1.1:

AHO skal utdanna mastergradskandidatar som held eit høgt internasjonalt nivå innanfor arkitektur, urbanisme, landskapsarkitektur og design og som er kvalifiserte for regionale, nasjonale og globale arbeidsmarknader.

AHO har i løpet av 2017 gjennomgått fleire prosessar for å sikra at skulens verksemdsmål vert følgt opp og etterlevd. Skulen har jobba grundig med å tilpassa seg nye nasjonale forskrifter for studiekvalitet og har gjennomgått ein grundig prosess i samband med dokumentasjonskrav før NOKUT-tilsyn våren 2018. I tillegg har AHO gjennomført ei eiga kandidatundersøking blant uteksaminerte studentar ved skulen. Undersøkinga viser at møtet med arbeidslivet går godt for våre studentar.

Tidsbruk og studiekvalitet

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	51,9	53,9	51,9	50
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	4,6	4,5	4,5	4,5

Studiekvalitet har i 2017 vore eit innsatsområde. AHO har sett NOKUT-tilsynet som eit høve til å setja kvalitetsarbeid på dagsorden i heile organisasjonen. Blant anna er det gjennomført ei eigenevaluering av skulens masterprogram, med eit gjennomgåande fokus på kvalitetsarbeid. Ein av dei store vinstane av evalueringa er at ho har gjort oss i stand til å identifisera eigenarten til skulen og hovudgrunnane til at studentar òg i 2017 skårar særst høgt på tilfredsheit i NOKUT sitt studiebarometer.

Hovudgrunnen til at studentane er så nøgde er truleg undervisningsformene på skulen. Undervisninga på AHO går først og fremst føre seg i studioet, det vil seie i ein teiknesal eller eit seminarrom der studenten sine prosjekt er utgangspunkt for læring. Kunnskap og ferdigheiter får studentane først og fremst gjennom prosjektarbeid (teikning, modellarbeid, øvingar mv.) etter prinsippet «å gjere er å lære», i nært samspel mellom lærarar, studentar og eksterne samarbeidspartnarar.

Sentralt i undervisningsmodellen står éin-til-éin samtalar mellom lærar og student og gjennomgangar: eit diskusjons- og evalueringsformat som sørgjer for hyppig og systematisk tilbakemelding til studentane gjennom semesteret. Dette vert supplert med gruppearbeid, workshops og førelingar.

Eksamen skjer ofte i form av ein sluttgjennomgang evaluert av eksterne sensorar, der studentane sjølve presenterer sine respektive prosjekt i plenum. Etter at sluttgjennomgangen er ferdig, vert alle

studentprosjekta synt fram i ei felles utstilling. Denne gjev skulen og offentlegheita høve til å vurdere kvaliteten på arbeida. Studiomodellen gjev studentane hyppige, varierte og grundige tilbakemeldingar på arbeidet, han involverer dei aktivt i eiga læring og førebur dei til sin eigen sjølvstendige, kreative praksis etter avslutta utdanning. Denne undervisningsforma danner fundamentet for kvalitetsarbeidet ved AHO.

Tilknytning til næringsliv og arbeidsmarknad

Undervisning, forskning og kunstnarleg utvikling skjer i nær dialog med profesjonane, det private næringslivet og offentleg sektor. Ein viktig føresetnad for dette er at ein stor del av skulen sine lærarar er tilsette i deltidsstillingar og tek røynsene frå praksis med inn i undervisninga. Den studiobaserte undervisningsmodellen involverer ei rekkje eksterne føreleserar og sensorar i undervisninga, og oppgåvene som vert gjevne er ofte utforma i dialog med dei eksterne samarbeidspartnarane til skulen. Dei fleste forskingsprosjekta har eksterne partnarar, og forskingsspørsmåla er ofte knytte til aktuelle problemstillingar som òg gjev godt utgangspunkt for undervisning. I mange tilfelle er det undervisningsverksemd som danner kimen til forskingsprosjekt, noko som påverkar både metodikk og innhald. AHO bidreg aktivt i det offentlege ordskiftet i form av forskingsresultat, studentprosjekt og debattinnlegg, og nyttar den fridomen academia gjev til å påverka retninga faga og samfunnet skal utvikla seg i for framtida.

Inntakskvalitet

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNADG	RESULTAT			MÅLSETJING
TALL SØKJARAR PER STUDIEPLASS	2015	2016	2017	2017
Tal førstevalssøklarar per studieplass (1. år)				
DESIGN	4,2	4,2	4,9	5
ARKITEKTUR	11,8	11,2	12,78	12
Tal innpassingssøklarar per studieplass (4. år)				
ARKITEKTUR	34,5	39,6	38,8	30
Tal søklarar til master (2 år)				
LANDSKAPSARKITEKTUR	5,45	5,4	6,9	12
DESIGN ¹	10,6 (15 plasser)	11,9 (15 plasser)	8,0 (30 plasser)	12

AHO tilbyr profesjonsutdanningar der søklarane, i tillegg til formell studiekompetanse, vert vurderte på bakgrunn av opptaksprøver. Prøvene har som føremål å identifisera dei studentane som eignar seg best for studium i faga ved skulen, der ferdigheiter innan formgjeving og evne til nytenking står sentralt. For AHO er opptaksprøvene den viktigaste reiskapen for å sikra god inntakskvalitet. Skulen legg store ressursar inn for nettopp å sikra seg dei beste kandidatane. Dette vert gjort gjennom målretta rekrutteringsarbeid, presis formidling av inntakskrav, omfattande opptaksprøver og årlege opptaksrapportar.

AHO hadde i 2017 flest førstevalssøklarar per studieplass blant lærestadar med Samordna opptak. Med totalt 915 førstevalssøklarar til 90 plassar, er snittet 10,17 førstevalssøklarar per plass, ein auke frå 8,9 i 2016. Søkinga til arkitektur har vore høgare en målsetjinga i 2017, medan søknadsnivået til

¹ Nytt toårig studium i 2017. Fram til 2017 søkte studentar innpassing på den femårige mastergraden i design

designstudiet har nådd målsetjinga om 5 førsteprioritetssøklarar per studieplass. Vi er nøgde med at søkinga har stabilisert seg på eit høgare nivå, særleg fordi det er etablert fleire nye designutdanningar i Noreg dei siste åra. AHO ser ein stadig aukande etterspurnad etter designarar i norsk offentlegheit, og skulen har kapasitet til å utvide tilbodet ytterlegare.

Talet på søknader til masternivå ligg på same høge nivå i 2017 som tidlegare år. AHO hadde sitt første opptak til ein nyoppretta toårig mastergrad i design hausten 2017. Denne gongen vart 30 studentar tekne opp, som eit unntak, for opptaksramma framover vil vere 15 studentar.

Søknadsmassen per studieplass er av denne grunnen litt under måлтаlet. Ved eit ordinært opptak (15 studentar) ville talet ha vore 16 søklarar per plass, høgt over målsetjinga og ein kraftig auke i høve til den gongen då skulen innpassa søklarar i den femårige mastergraden.

Søknadsmassen til i Master i landskapsarkitektur har auka, men er framleis eit stykke frå målsetjinga om 12 søklarar per studieplass. Statistikken inneheld både opptak til den regulære mastergraden i Oslo, og til piloten som vert gjennomført i samarbeid med Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet. Formelt vert desse to studieretningane rekna som ein felles mastergrad i landskapsarkitektur. Dersom studieplassar i piloten ikkje vert rekna inn, ville søklarar per studieplass ha vore 8,9.

Gjennomføring og fråfall

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Del studentar på masterutdanning som gjennomførte på normert tid (%)	70,5	45	58,8	70

LOKAL STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Studiepoengproduksjon (60 stp einingar)	544	524	557	530

Talet på studentar som gjennomførte utdanninga på normert tid har auka frå 2017, men er framleis lågare enn målsetjinga. Berre master i landskapsarkitektur ved AHO fell inn under styringsparameteren. Talmaterialet er særst lite, og små utslag i faktiske tal får store effektar, noko statistikken for dei siste åra tydeleg viser. Ser ein på fullførte studium med forseinkingar inntil eitt semester, så er snittet over målsetjinga (76%). Det bør understrekast at dei faglege krava i studiet er styrkt, og dermed opplever nokre kandidatar å ikkje bestå delar av utdanninga, noko som igjen fører til forseinking. Fråfallet frå studiet er tilnærma ikkje-eksisterande, noko AHO er godt nøgd med.

Det er komplisert å presentera sikre tal for gjennomføring for dei integrerte mastergradane i arkitektur og design. Talmaterialet viser at rundt 50% fullfører på normert tid (5,5 / 5 år) medan opp mot 85% har fullført studiane eitt år forseinka. Då er ikkje permisjonar, praksis og andre forseinkingar tekne omsyn til. Arbeidsmarknaden for studentane våre er særst god, og det er stor etterspurnad etter praktikantar. Mange studentar ved AHO nyttar seg av høvet til å ta eitt eller to semester i arbeidspraksis. Profesjonsstudiar som våre har ikkje praksis som ein del av utdanningstilbodet, og det er fleire studentar som på eige initiativ vel å ta permisjon for å prøva seg i felten. For mange gjev dette auka fagleg trygd og relevans, men det går utover studieprogresjonen. I studium med ein slik kompleksitet og lengd som dei AHO tilbyr er det ikkje uventa at ikkje alle kandidatar fullfører på normert tid. Det må vera ein god balanse mellom ønsket om god gjennomstrøyming og ønsket om fagleg modning og kvalitet.

Ser ein på netto gjennomføringstid, viser det seg at gjennomføringsprosenten er høg om ein ser bort frå dei periodane studentar er i permisjon.

Verksamdomål 1.2: AHO skal ha eit omfattande nasjonalt og internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

AHO samarbeider om utdanning med ei rekkje partnerar i inn- og utland, både med utdanningsinstitusjonar og føretak. Alle masterprogramma tek del i og dreg nytte av dette. Ikkje minst medverkar dei mange møtepunkta mellom programma og profesjonsutøvarar nasjonalt og internasjonalt til at utdanninga er tett på samfunnsutviklinga. Studentane får heile tida jobba med aktuelle problemstillingar og kvalifisert seg for morgondagens behov. Utdanningssamarbeid, der studentgrupper og lærarar frå utvalde utanlandske institusjonar deltek i delar av AHO sine masterkurs eller motsett; at studentar og lærarar frå AHO jobbar med prosjekt i utlandet og med utvalde lokale samarbeidspartnarar, gjer at studentane får verdfulle røynsler òg i internasjonale kontekstar.

Nasjonalt utdanningssamarbeid

AHO har i fleire år jobba saman med UiT - Noregs arktiske universitet for å oppretta ein integrert fellesgrad i landskapsarkitektur med fokus på arktiske tilhøve. Ein pilot finansiert av begge institusjonar starta opp i 2013, men vert eigd og driven av AHO i nært fagleg samarbeid med kunsthøgskulen ved UiT.

Evalueringa av programmet etter fleire års pilotdrift viste at satsinga på ein kombinasjon av lokal, nasjonal og internasjonal kompetanse frå ulike miljø har medverka til god undervisning, høgt engasjement både blant lærarar og studentar og eit godt læringsmiljø. Det faglege fokuset på kursa som er lokalisert i Tromsø spenner frå polare problemstillingar kring is og snø til miljø- og økosystem i kalde landskap. Pilotsamarbeidet har vore særst interessant og gjevande for begge institusjonane. Nye fagmiljø har knytt kontakt med kvarandre og kollegautveksling mellom institusjonane har medverka til fagleg utvikling og etablering av nettverk.

Det har vore eit sterkt ønske frå privat næringsliv og offentlege institusjonar i nord å få bygd opp det integrerte programmet. Innspela frå ulike aktørar har vorte inkluderte i handsaminga av både programdesignet og i sjølve skipinga av programmet. Piloten har ført til at aktørane i Nord-Noreg har fått kjennskap til studentane, jobba saman med dei på ulike prosjekt og forstått kva kompetansen deira kan ha å seia både for næringsliv og offentlig sektor. Innspela frå fagmiljø, næringsliv, offentlig sektor, studentar, lokalpolitikarar og UiT/AHO har gått inn i kvalitetsarbeidet og medverka til at den første integrerte femårige fellesgraden i heile Bologna-området vart godkjent av begge universitetsstyra i 2017. Den nye fellesgraden startar opp hausten 2018, og institusjonane har fått godkjent 20 nye studieplassar i samband med skipinga av programmet.

I 2017 inngjekk AHO ein avtale med Det Norske Instituttet i Roma (UiO) som legg til rette for eit meir omfattande undervisnings- og forskingssamarbeid med Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk ved UiO.

Internasjonalt utdanningssamarbeid

Gjennom samanlikning og utveksling med dei internasjonale samarbeidspartnarane får AHO jamleg vurdert kvaliteten i utdanninga. God mobilitet for studentar, hovudsakleg gjennom Erasmus+-nettverket, gjer at AHO heile tida får testa nivået på eigne studentar mot nivået ved andre anerkjende institusjonar.

Fagmiljøa ved AHO involverer seg aktivt i prosjekt som vurderer kvaliteten på tilsvarende profesjonsutdanningar i Europa. Eit Erasmus+-prosjekt leia av AHO (Confronting Wicked Problems: Adapting Architectural Education to the New Situation in Europe), som inkluderer fleire av dei fremste arkitekturutdanningsinstitusjonane i Europa, har undersøkt vilkåra for dei europeiske arkitekturutdanningane. Målet har vore å adressera dei utfordringane arkitekturutdanningane i Europa står overfor i dag: blant anna aukande arbeidsløysa blant arkitektar og stadig større

utfordringar knytt til å ta vare på kulturminne/bygningsmasse. Tre delprosjekt, eller tenkjetankar, har halde jamlege møte og workshops, der dei ulike problemstillingane har vorte diskutert og kasta lys over. Studentdeltaking har vore vesentleg i fleire av prosjektet sine workshops, og arbeidet har blant anna munna ut i skisser til forslag om pensumendringar. Nye undervisningsmetodar har vore testa ut, og det er lagt grunnlag for vidare samarbeid mellom dei ulike institusjonane og mellom profesjon (ACE) og utdanning (EAAE).

AHO har også fleire sterke samarbeidspartnarar utanfor Europa, og skulen har dei siste åra hatt eit ekstra fokus på Kina. I 2017 fekk AHO tilslag på midlar frå UTFORSK-programmet i SIU til prosjektet *The Urbanisation of the Chinese countryside*, som er eit utdanhttps://www.uia.no/forskning/om-forskningen/etikk-og-personvernningssamarbeid mellom AHO og The Central Academy of Fine Arts (CAFA) i Beijing. Prosjektet omhandlar transformasjonsprosessar i det landlege Kina, og medverkar til forskning på landbygda globalt. Metodikken er basert på casestudier og det som i arkitektur vert kalla ei morfologisk tilnærming. Casestudiane vert hovudsakleg gjort av doktorgradsstudentar frå AHO og CAFA, og vurderer òg dagens utviklingsprosessar.

Eit anna prosjekt som fekk støtte frå SIU under UTFORSK programmet i 2017, var DesignBRICS-prosjektet. Det er ei plattform for eit nettverk av ulike designinstitusjonar i BRICS-landa (Brasil, Russland, India, Sør-Afrika) og AHO. BRICS er representert gjennom designavdelingane ved Hunan University (HNU) i Kina og Cape Peninsula University of Technology (CPUT) i Sør-Afrika. Det som bringer desse tre saman, er ei djup tru på at det enklaste problemet for designarar å jobba med er måtar å handtera klimaendringar på, på lokalt og globalt plan. Prosjektet freistar difor å utvikla tre kursmodular for designstudentar som kan skalerast opp og spreia mellom deltakarane og vidare utover.

Avtalen som AHO i 2016 inngjekk med University of Sao Paulo v/fakultet for arkitektur og urbanisme, blei vidareført i 2017 i form av eit masterkurs som tok utgangspunkt i Sao Paulos utfordrande urbanitet. Ei gruppe studentar og lærarar frå AHO vitja Sao Paulo i oktober med felles førelingar, ekskursjonar og diskusjonar, og ein lærar frå Sao Paulo vart invitert til eksaminering og føreling i Oslo. Samarbeidet vil bli vidareutvikla i 2018.

Utvikling og internasjonale studentar

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	3,13	5,98	2,80	6,00

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Tal utreisande studentar per år	30	42	25	45
Tal innreisande per år	64	58	55	60

Talet på utreisande utvekslingsstudentar er redusert frå 42 i 2016 til 25 i 2017. Det er ein nedgang på tilnærma 40%. Det må sjåast i samanheng med at det i 2016 var ein større del studentar enn

normalt som reiste på utveksling i haustsemesteret og som berre var ute eitt semester. Det gav eit stort utslag i statistikken for haustsemesteret 2016.

Nedgangen må òg sjåast i samanheng med at det skuleåret 2016/2017 vart innført endringar i retningslinjene for utveksling gjennom AHO. For det første vart det innført krav om å levera portefølje, uavhengig av om det er konkurranse om plassane. Porteføljane vert gjennomgått av programutvala for dei ulike studieprogramma og programutvala har høve til å halda tilbake søkjarar dersom porteføljane viser at dei ikkje held det nivået samarbeidspartnarane våre ventar at dei har. Samstundes vart det innført krav om å levera portefølje for innreisande utvekslingsstudentar. Vidare vart òg mobilitetsvindauget gjort mindre ved at det vart stramma inn på når i studieløpet studentane kan reisa på utveksling. Dette vart gjort for å hindra at studentar vert forseinka i sine studieløp. Til dømes registrerte vi at fleire studentar valde å reisa på utveksling i semesteret før diplomoppgåva, og såleis vart forseinka. Desse endringane, som har til føremål å auka kvaliteten og sørgja for at fleire studentar fullfører graden på normert tid, har hatt innverknad på mengda utreisande utvekslingsstudentar. Nedgangen i prosent vert stor som ein følgje av at AHO er ein liten skule, og at det ikkje må dreia seg om høge tal før det får store utslag i statistikken.

Frå og med 1.1.2018 er mobilitetsvindauget for dei ulike studieprogramma formelt fastlagt, og det er òg vedteke å ikkje lenger støtte utveksling gjennom individbaserte avtalar. All utveksling ved AHO skal no gå føre seg innanfor avtalenettverket. AHO jobbar difor aktivt for å kunne tilby ein attraktiv avtaleportefølje og for å rekruttera potensielle utvekslingsstudentar. Tiltaka inkluderer systematisk tilbakemelding gjennom spørjeundersøkingar, som så vert omarbeidde og følgt opp, vitjingar hjå eksisterande og potensielle samarbeidspartnarar og meir involvering av tidlegare utvekslingsstudentar i samband med informasjonsmøte og rekruttering generelt.

Verksemdsmål 1.3:

AHO skal tilby forskarutdanning av høg kvalitet som både byggjer på den akademiske tradisjonen og praksisforankringa ved skulen.

AHO er ein liten institusjon i norsk samanheng, men med ein særskild og tydeleg fagprofil. Historisk byggjer AHO på to faglege grunnpilarar, profesjonsutdanningane som gjev mastergradar innan design og arkitekturfaga. Forskinga ved AHO er tett knytt til denne fagprofilen, men eit særtrekk ved ph.d.-programmet er at det er tverrfagleg og prosjektbasert i mykje større grad enn det er disiplinbasert. Ved AHO er forskning knytt direkte til designprosessar innan fagdisiplinane og til dei samfunnsmessige premissane som fagdisiplinane held seg til. Av den grunnen finst det prosjekt som er godt forankra i AHO sine fagmiljø, men som metodologisk, teoretisk og historisk tek utgangspunkt i disiplinær (som til dømes sosialantropologi, sosiologi og statistikk) som ikkje er ein del av AHO sin utdanningsportefølje.

Den viktigaste aktiviteten AHO har sett i gang for å sikra at ph.d.-utdanninga held høg kvalitet, er etableringa av eit programutval for ph.d.-programmet. Sjølv om programmet allereie hadde ei fagleg definert leiing gjennom leiar av forskarutdanninga, har skulen og Forskingsutvalet sett det som naudsynt å ha eit programutval for å sikra kvalitetsarbeidet i programmet. Programutvalet er samansett av renommerte fagpersoner som dekkjer den faglege breidda ved AHO.

I 2016 og 2017 har AHO gjennomført ei forskingsevaluering som grundig dokumenterer all forskingsaktivitet mellom 2014–2017. Evalueringa er både ein dokumentasjon av alle forskingsresultata som tilsette ved AHO har levert i perioden, og eit dokument som peikar på forbettringspotensiale for å sikra at doktorgradsprogrammet held så høg kvalitet som forventa. Resultata frå evalueringa vil bli tekne inn i ein revisjonsprosess av ph.d.-programmet framover.

Kvart år i november vert det årlege ph.d.-kollokviet arrangert. I 2017 vart kollokviet slege saman med jubileet til forskarskulen ved AHO, som fylte 25 år i 2017.

Kvart år i mai gjennomfører ph.d.-programmet eit ope seminar «The yearly review», der ph.d.-studentar med oppstart hausten før presenterer prosjekta sine og får tilbakemelding frå inviterte faglege kritikarar, både interne og eksterne. Dagen vert avslutta med eit ope møte, der dei inviterte kritikarane gjev tilbakemelding på ph.d.-programmet i heilskap, inkludert problemområde som dei ser etter å ha vurdert arbeida til studentane. Spesielt den siste sesjonen er viktig for kvalitetsarbeidet rundt ph.d.-programmet, då denne gjev mange viktige innspel både frå studentar, rettleiarar, kritikarar og andre deltakarar, på korleis programmet kan formast for å stadig få høgare kvalitet.

I 2017 hadde AHO heile 10 disputasar, noko vi er særskild nøgde med. Disputasar ved AHO er ofte ein møteplass for dei ulike fagmiljøa frå heile skulen. Fleire av fagfelte ved AHO er «unge» i ein akademisk tradisjon, og disputasane er av den grunn ein viktig arena for fagdebatt, kritikk og det å byggja ei felles forståing av kva som er kvalitet i fagfelte våre. Disputasane er òg ein fellesarena for tilsette og studentar som er viktig i bygging av ein kvalitetskultur. Dette gjev fagmiljøa på skulen høve til å jamleg bli presentert for resultat kvaliteten frå programmet og få tilbakemeldingar frå leiande fagekspertar når det gjeld nivået på ph.d.-avhandlingar ved AHO.

Gjennomstrøyming

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Del uteksaminerte kandidatar tatt opp på doktorgradsprogrammet 6 år tidlegare (Nasjonalt styringsparameter)	60 % 3 av 5	50 % 1 av 2	60 % 6 av 10	70 % 7 av 10

Målsetjinga for uteksaminering etter 6 år vart ikkje nådd for 2017, mykje fordi to kandidatar frå 2011-kullet fall frå tidleg i utdanningsløpet, og fordi ein kandidat ikkje får disputere før i 2018. Likevel er gjennomstrøyminga på eit akseptabelt nivå, og tett opp til målsetjinga.

Det er brukt mykje tid og ressursar gjennom fleire år på å auka gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar. Det er auka merksemd på inntakskvalitet, og alle doktorgradskandidatar får no utpekt rettleiar ved opptakstidspunktet. AHO vidareutviklar stadig progresjonsrapporteringsystemet sitt. ISP=Individual study plan, er spesialdesigna etter ønske frå rettleiarar, kandidatar og programansvarleg, for å sikra at studentane får den oppfølginga dei treng. Forskningsutvalet ved AHO har fått det heilskaplege ansvaret for å kvalitetssikra programmet, forskarskulen og opptak/tilsetjingsprosessen av stipendiatar. Dette gjer at oppfølginga av doktorgradsstudentane er tydeleg forankra.

AHO hadde rekord med 10 disputasar i 2017. Fleire av desse var studentar som hadde lang fartstid på programmet, og AHO har jobba systematisk med å sikre at så mange som mogleg greier å gjere ferdig avhandlinga si.

Nye doktorgradskandidatar

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Nye doktorgradskandidatar med ekstern finansiering	7	0	3	4

Delen eksternfinansierte doktorgradsstillinger i 2017 ligg under målalet, men AHO ser seg likevel nøgd med resultatet samanlikna med 2016. Ekstra gledeleg er det at AHO har teke opp sin første offentlege-ph.d. (NFR/Arendal Kommune) og sin første instituttsektor-ph.d. (NFR/SINTEF). I tillegg har skulen for første gong teke opp ein student finansiert av stipend gjennom China Scholarship Council (CSC). Likevel er det eit lite varsko at AHO ikkje har fått stipendiatstillinger gjennom NFR-prosjekt dei siste åra, noko skulen framover vil ha ekstra merksemd på.

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED TREÅRLEG GJENNOMSNITT	RESULTAT			MÅLSETJING
	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2015-2017
Tal doktorgradar i gjennomsnitt	6	6,6	7,33	7
Avbrotne doktorgradsavtalar i 1. år		0	0	0

Rekordåret 2017 med heile 10 disputasar, har gjort at skulen har oppfylt si eiga målsetjing. AHO er òg glade for at tendensen der ingen avbryt doktorgradsstudiet sitt i løpet av det første året held fram.

Verksemdsmål 1.4:

AHO skal vera eit leiande nordisk miljø for forskings- og utviklingsarbeid innan dei prioriterte fagfeltene våre. AHO driv kunnskapsutvikling innan praktiske, akademiske og kunstnarlege felt og skal forvalta eit internasjonalt og aktuelt kunnskapsnivå.

Publisering

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD ²	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Mengd publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,89	0,46	0,73 ³	0,6
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	-	19002 ⁴	-	330

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED TREÅRLEG GJENNOMSNIITT	RESULTAT			MÅLSETJING
	2013-15	2014-16	2015-17	2015-17
Mengd publikasjonspoeng ⁵ i gjennomsnitt	54,13	50,86	56,25 ⁶	58

Som ein liten institusjon har AHO til dels store variasjonar i vitenskapleg publisering frå år til år. Svingingane vil vera knytt til faktorar som:

- utgjeving av monografiar
- del på nivå 2
- temanummer av tidsskrift der AHO-prosjekt er godt dekte
- kvar i løpet forskingsprosjekt er i høve til publisasjon av resultat

AHO har nådd målsetjinga for 2017, mykje grunna fleire monografiar utgjevne i 2017.

Forskingsevaluering

AHO sette i 2016 i verk ei evaluering av eiga forskning. Denne vert ferdigstilt i 2018, og er gjennomført av ei arbeidsgruppe nedsett av Forskingsutvalet. Føremålet med evalueringa er å identifisera og artikulera styrkar og veikskapar knytte til forskinga og rammeføresetnadene. Evalueringa vil inngå som grunnlag for arbeidet med forskingsstrategi ved AHO i 2018 .

² AHO rapporterer ikkje på denne styringsparameteren og det finns ikkje kvalitetssikra tal i DBH for han. Tal for 2017 var ikkje klare på rapporttidspunktet

³ Talet er førebels og basert på data AHO har på rapporteringtidspunktet. Dette kan endra seg når den offisielle rapporteringa vert gjort til NSD gjennom Cristin.

⁴ Talet er basert på 1) 800000 Euro i H2020 inntekter for 2016 2) 41 FoU årsverk (professor, førsteamanuensis og forskarstillingar

⁵ Basert på ny reknemodell

⁶ Talet er førebels og basert på data AHO har på rapporteringtidspunktet. Dette kan endra seg når den offisielle rapporteringa vert gjort til NSD gjennom Cristin.

Arbeidet er utforma som eit forskingsprosjekt som undersøker impact-baserte forskingsevalueringsmetodar med publisert resultat på ein høgskule i den kreative sektoren. Ut over dokumentasjon frå forskarar, forskargrupper, publisering og prosjekt, har evalueringa føregått som ein intervjubasert og breitt involverande prosess, der størstedelen av forskarane ved skulen har medverka. Evalueringa har òg omfatta eit internasjonalt evalueringspanel som har vitja skulen, intervju forskarar og lese gjennom eit omfattande dokumentasjonsmateriale. Rapporten til panelet inngår i den avsluttande rapporten saman med ei liste med tilrådingar. Panelet peikar blant anna på tilhøve kring organiseringa av skulen og behov for å gjera rollene knytt til leiing, utvikling, formidling og administrasjon av forskinga tydelege. Det eksterne evalueringspanelet framhevar to primære særtrekk ved forskinga ved AHO. Det første er den tette samanhengen mellom undervisninga og forskinga, det andre er at AHO i høgare grad kan arbeida for å artikulera rolla si som forskingsbasert kunnskapsprodusent i samfunnet.

HUMEVAL

To grupper ved AHO inngjekk i den nasjonale evalueringa av humanistisk forskning (HUMEVAL) i 2017: 'Architecture and the Humanities' (OCCAS) og 'Design Digital Humanities' (dR og OCULS). Den generelle tilbakemeldinga frå evalueringspanela var at AHO er ein godt etablert og profesjonell institusjon med solide internasjonale nettverk, god publisering og tydeleg strategisk organisering i forskingssenter. Ei kritisk tilbakemelding var at dei to gruppene var små, og difor potensielt sårbare. Erfaringane frå HUMEVAL er inkludert i AHO si interne forskingsevaluering.

AHO og kunstnarleg utviklingsarbeid

AHO tok for nokre år sidan initiativ til deltaking i det pågåande nasjonale arbeidet med kunstnarleg utviklingsarbeid. Feltet er ungt, òg i internasjonal samanheng, slik at definisjonar og forståingar varierer og framleis er under sterk utvikling. I Noreg er det eit nærast vasstett skilje i den formelle forståinga av det vitskaplege og det kunstnarlege. Dette skiljet medfører ekstra utfordringar for AHO og faga våre i det vidare arbeidet med å definera og plassera ein framtidig kunstnarleg Ph.d-grad på kort og lang sikt. Fleire pågåande initiativ diskuterer og undersøker ulike høve for implementering ved institusjonen.

AHO har delteke i Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) og Program for kunstnerisk utviklingsarbeid (PKU) i 3 år. AHO har ikkje fått opptak under stipendiatprogrammet, men skulen har motteke finansiering frå prosjektprogrammet. Skulen har heller ikkje fått stipend innanfor kunstnarleg utvikling frå departementet i den neste treårs-perioden, og må arbeida for å finna alternativ finansiering. Vi arbeider med å finna gode samarbeidspartnarar innanfor arkitektur og design for felles forskarskule/-grad sett i lys av den nye ph.d. i kunstnarleg utviklingsarbeid som vart vedteken av Kunnskapsdepartementet på slutten av året.

Sektormål 2. Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Verksemdsmål 2.1

AHO skal gjennom utdanning, forskning og formidling innanfor sine kjernefag: arkitektur, urbanisme, landskapsarkitektur og design både vera ei innovativ kraft i samfunns- og næringsutvikling og ei kritisk evaluerande røyst i endringsprosessane. Gjennom formidling og fagkritikk skal AHO medverka til at forskingsbasert kunnskap innanfor faga våre vert nytta for å løysa dei store samfunnsutfordringane vi står framføre. Dette inneber at vurderingar om relevans får mykje å seia for forskingsprioriteringar.

AHO er ein internasjonalt profilert forskingsinstitusjon med høg forskingsaktivitet. Forskarutdanninga ved AHO (ph.d.-programmet) fylte 25 år i 2017, held høg kvalitet og har over 50 studentar innskrivne. AHO har ein god del ekstern finansiert forskning: i høg grad frå Noregs forskingsråd, men òg frå EU-program. Knappt halvdel av doktorgradsstudentane har ekstern finansiering, blant anna eit stigande tal nærings-ph.d.-ar. Frå 2017 er ein kandidat finansiert gjennom programmet for offentleg sektor-ph.d, og ein annan finansiert frå SINTEF.

Forskinga ved AHO er kjenneteikna ved ei sær sær nær kopling til undervisninga, særleg på masternivå. Leiande forskarar gjennomfører undervisningsløp knytt til forskningstema. Studentar vert òg involverte direkte i forskingsaktivitetar. Forskinga ved AHO gjev tilskot til kunnskapsutvikling innan ei rekkje samfunnsrelevante felt, som tenesteutvikling i helsesektoren, maritim design og berekraftige trekonstruksjonar. Anna forskning gjev viktige tilskot til akademisk teori og kunnskap, blant anna innan arkitekturhistorie og humanistisk landskapsteori.

Forskingsamarbeid

AHO har eit breitt forskingsamarbeid nasjonalt og internasjonalt basert på konkrete samarbeidsaktivitetar knytt til forskingsområde der vi er leiande. AHO held i 2017 fram arbeidet for å ta ei større rolle på arenaer for utvikling av forskingsamarbeid både nasjonalt og internasjonalt. AHO har vore vertskap for fleire store konferansar og delteke i komitear for å forma viktige internasjonale konferansar. Nordes-konferansen vart arrangert ved AHO i juni 2017 med 25 deltakarland og 250 deltakarar, RSD6- konferansen som AHO har initiert vart igjen arrangert i Oslo i oktober med sterk internasjonal deltaking. Den nasjonale innovasjonskonferansen e-nav.no, som samlar breidda av aktørar frå industri, styresmakter og forskingsmiljø i maritim sektor, vart arrangert for 4. gong i september 2017. AHO er òg representert i komiteen for Anticipation-konferansen i 2017 og har no teke på seg å vera vertskap for neste konferanse i 2019.

Langsiktig satsing og etablering av forskingsporteføljar retta mot spissa forskingsområde eller sektorar, har etablert AHO som internasjonalt leiande på fleire område, og posisjonerer skulen som ein attraktiv samarbeidspartnar. Ei rekkje nye forskingsamarbeid er etablert i 2017 med 2 nye EU-prosjekt innanfor Horisont 2020, SEDNA og SafeConsume, som har starta opp.

Forsking på eiga utdanning

AHO har òg forskning på eiga utdanning, noko som føregår på tvers av forskingssenter og forskargrupper. Til dømes disputerte 3 ph.d.-studentar på tema som kan knytast til forskning på eiga utdanning; Mathilde Sprovin med avhandlinga: «Tegneskolen i Christiania - en nasjonal arkitekturutdanning tar form», Barbro Grude Eikseth med avhandlinga: «Arkitekter i emning - Profesjonsforståelser og brukerperspektiver i norsk arkitektutdanning 2009–2012» og Anna Svingen-Austestad med avhandlinga: «Questions... Concerning the Production of Subjectivity – On Aesthetic Practices in Art, Craft and Design Studies [Formgivingsfag]». I tillegg vart det AHO-administrerte

EU/Erasmus+ prosjektet "Confronting Wicked Problems- Adapting Architectural Education to the New Situation in Europe" avslutta i 2017.

Oslo Centre for Critical Architectural Studies (OCCAS)

Dei arkitekturhistoriske miljøa ved AHO, som er organisert i forskingssenteret Oslo Centre for Critical Architectural Studies (OCCAS), er internasjonalt leiande og har utstrekt samarbeid med prominente internasjonale miljø og forskarar. Senteret har ein brei prosjektportefølje med tilhøyrande undervisning og dessutan høg grad av internasjonal publisering. Prosjekta omfattar blant anna det EU-finansierte (HERA-programmet) prosjektet PriArc ("Printing the Past. Architecture, Print Culture, and Uses of the Past in Modern Europe"), der AHO er koordinator.

Maritim forskning og innovasjon

AHO sitt leiande forskingsmiljø retta mot den maritime industrien vart i 2017 tildelt prosjektmidlar frå EU til prosjektet SEDNA («Safe maritime operations under extreme conditions: the Arctic case»), og dessutan innovasjonsmidlar til prosjektet OPENBRIDGE («Open innovasjon og heilskapleg brukaroppleving på skipsbruer») i samspel med eit breitt norsk konsortium innan maritim sektor.

Arbeidslivsrelevans

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETNING
	2015	2016	2017	2017
Del masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter avslutta utdanning ⁷	90,91	-	94 % (eiga undersøking)	91

AHO gjennomfører jamleg arbeidsmarknadsundersøkingar/kandidatundersøkingar. Skulen ønskjer å finne ut kva uteksaminerte kandidatar gjer, kvar dei jobbar og korleis utdanninga ved AHO har hatt relevans for det dei no driv med. Studieåret 2016/17 utførte Kantar TNS ei kandidatundersøking for AHO med utgangspunkt i uteksaminerte kandidatar frå perioden 2013-2017. Undersøkinga hadde til føremål å finna ut kor relevant utdanninga har vore i høve til dei arbeidsforholda studentane har fått etter avslutta utdanning. Resultata gjev eit nyttig bilete av kva uteksaminerte studentar meiner om utdanninga si og kvaliteten på denne. Undersøkinga gjev òg skulen eit godt bilete av kva for ferdigheiter kandidatane meiner utdanninga ikkje gav dei, men som dei ser som naudsynte i arbeidslivet. Samanfatta har 94% ei heiltidsstilling ved spørsmålstidspunktet. 31% skaffa den første jobben sin før fullført studium og 64% opplever at utdanninga har relevans i høve til noverande stilling.

⁷ *NIFU si kandidatundersøking vart gjennomført i 2013 og 2015, med framlegging av resultatata året etter. Dermed finst det ikkje tal for 2016, berre 2015. Førebels finst det ikkje tal for 2017.

Forskingsinntekter

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk	165,69	151,33	85,43	150
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	45,67	45,61	27,65	45

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
EU-midlar totalt	-21	211	889	2000

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2017
Oppdragsinntekter	2 464	926	353	1 000
Tal nye forskingsprosjekt frå NFR ⁸	2	2	3	2

Bidragsinntekta frå NFR har kraftig nedgang, både samanlikna med fjoråret og sett over ein treårsperiode.

Det er fleire grunnar til dette. 2017 er på mange måtar eit mellomår for AHO. På den eine sida har fleire eksternfinansierte prosjekt vorte avslutta i 2017, noko som medfører arbeid med sluttrapportering og ferdigstilling av leveransar. På den andre sida har 2017 vore eit år der det er lagt mykje ressursar i søknader, skulen har søkt like mange prosjekt som tidligare år, men diverre med lågare tilslagsprosent i 2017. AHO har likevel fått tilslag på tre prosjekt frå NFR der skulen er prosjektpartner, ikkje prosjektleiar. Dette er i tråd med AHOs strategi for å effektivisera og utnytta skulens ressursar best mogleg. I tillegg har AHO retta seg mykje sterkare mot EU og EU-finansierte prosjekt, og lagt inn ressursar for å laga ein handlingsplan for på lengre sikt å henta meir midlar frå EU.

Andre bidrags- og oppdragsinntekter per faglege årsverk har også ein nedgang. Det har vist seg å vera krevjande å følgja opp innovasjonsprosjekt, då kapasitet og kompetanse både i fagmiljøa og i støttefunksjonen er avgrensa, og skulen er oppteken av å prioritera ressursane strategisk. Likevel må AHO auka fokuset på dette feltet og vurdere å setja inn tiltak for å prøva å auka inntekta her. Dei siste åra har arbeidet vore retta mot å få tilslag på EU-prosjekt, noko vi har lukkast med, men konsekvensen er at andre inntektskjelder vert nedprioriterte.

Handlingsplan for EU-finansiering

Forskningsutvalet ved AHO har i 2017 arbeidd mot å utvikla ein strategi for å auka delen av Horizon 2020 og annan EU-finansiering ved AHO. Hovudgrunnen er at EU-prosjekt kan bidra til å auka kvaliteten i forskinga ved AHO. Satsing på prosjektutvikling og søknader bør baserast på eksplisitte strategiske prioriteringar knytt til forskingsfagleg og administrativ kompetanse og kapasitet.

⁸ Frå 2017 reknar vi inn både prosjekt der AHO har prosjektleiarskap og prosjekt der AHO er prosjektpartner, men ikkje prosjektleiar, som nye prosjekt.

Forskningsutvalet framhevar at AHO si aukande røynsle med deltaking i og administrasjon av EU-prosjekt må haldast fast på og verta styrkt. Det må òg arbeidast med å byggja prosjektleiarkompetanse og styrkja kvaliteten på fagmiljøa. Slik stoda er i dag, vert det vurdert som mest fruktbart å inngå samarbeid med andre institusjonar knytt til konkrete prosjekt. Vidare må det arbeidast langsiktig fram mot å kunne vera initiativtakar og hovudansvarleg i EU-prosjekt. Dette arbeidet må baserast på kompetanse og interessene til forskingsgruppene våre. Dette skjer blant anna gjennom å styrkja profilen til forskingsmiljø og enkeltforskarar, styrkja publikasjonar og nettverk, og gjera rolla til forskingssentera som profilplattformer tydelegare. Vidare er det viktig å profilera AHO sine 'salspunkt' som prosjektpartner, under dette vår 'design inquiry'-profil, vår profesjons- og industriorientering, vår vesle og fleksible organisasjon, dei tverrfaglege profilane våre og dessutan kulturen vår for involvering av studentar i forskinga.

AHO har i dag tre prosjekt med EU-finansiering: PriArch (HERA), SEDNA og SafeConsumE (Horisont 2020).

Eksternfinansierte rekrutteringsstillingar

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED TREÅRLEG GJENNOMSNITT	RESULTAT			MÅLSETJING
	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2015-2017
Tal nærings-ph.d.-ar og offentlege ph.d.-ar i perioden	1	1	2	2
Tal næringsfinansierte stillingar	1	1	2	2

Det er eit strategisk ønske å auka mengda eksternfinansierte rekrutteringsstillingar gjennom samarbeid med næringslivet. 2017 har vore eit godt år for AHO med tanke på eksternfinansierte ph.d.-stillingar. AHO har oppnådd målet om eksternfinansierte ph.d.-ar i perioden, noko som er resultat av målretta arbeid med utvalde partnerar. Skulen har dei siste åra ikkje henta inn forskingsprosjekt frå NFR som inkluderer stipendiatstillingar, noko vi hadde som målsetjing.

I 2016 vart 20 nye stipendiatstillingar fordelt blant dei teknisk-industrielle institutta av NFR. Målet er å styrkja rolla til institutta i ph.d.-programmet. AHO inngjekk i 2017 ein avtale med SINTEF om opptak av ein av deira tilsette, finansiert gjennom tildeling frå NFR. AHO håpar dette er den første av fleire slike samarbeidsdoktorgradar.

AHO ser stadig aukande behov for samarbeid med offentlig sektor, spesielt rundt byutvikling, urbanisme og byplanlegging. Skulen inngjekk i 2017 ein avtale med Arendal Kommune om ein offentlig ph.d. finansiert gjennom NFR. Dette er vår første offentlege ph.d., noko vi håpar vil bidra til å styrkja samarbeidet mellom offentlig sektor og forskingsmiljø.

Sektormål 3. God tilgang til utdanning

Det er stor konkurranse om studieplassane ved AHO. Opptaksprøver og kriterium for å få opptak er, og skal vera, eit nålauge som berre dei best kvalifiserte kandidatane slepp gjennom. AHO ønskjer å nå breitt ut for å kunne tiltrekke seg talent frå heile landet, uavhengig av kulturell og sosial bakgrunn. Det vert jobba medvite med å gjera opptaksprøvene tilgjengelege for flest mogleg.

Når det gjeld vidare- og etterutdanning, søker AHO å nå breiast mogleg ut til faggrupper som har høgare utdanning tilsvarande bachelorgrad, og minst to års relevant yrkespraksis innanfor fagfelt som relaterer seg til arkitekturvern og til urbanisme.

Ei rekkje gjesteforelesningar, utstillingar og seminar året igjennom er opne, og vert tilbodne både tidlegare studentar, fagfolk og andre interesserte.

Verksemdsmål 3.1

AHO stiller høge krav til studentar og tilsette og skal leggja til rette for ein kunnskapsorganisasjon med eit særst godt arbeids- og læringsmiljø. Som arbeidsplass skal AHO pregast av likeverd, respekt, effektivitet og sjenerøsitet.

Mangfald

AHO har ein meir homogen søkjarmasse enn skulen ønskjer. 2/3 del av søkjarane til AHO er no frå Austlandet, eit tal som kan forklarast med at halvparten av Noregs folkesetnad er busett der. Sjølv om delen er større enn folkesetnaden tilseier, finn ein den same tendensen til «lokalrekruttering» hjå Bergen Arkitektthøgskole og på dei samanliknbare studieretningane til NTNU i Trondheim. Likevel glimrar nordlendingane med sitt svært låge søkjartal (3,91 % av søkjarmassen), og er diverre heilt fråverande ved opptak til AHO 2017.

AHO har i 2017 sett fokus på nettopp mangfald, og håpar at blant anna skiping av fellesgrad med UiT Noregs arktiske universitet vil føre til høgare søkjartal òg frå Nord-Noreg. Gjennom ulike framhevings- og rekrutteringstiltak håpar AHO å tiltrekke seg søkjarar òg utanfor det tradisjonelle nedslagsfeltet.

AHO har ein særst internasjonal studentmasse på masternivå. Ved årets opptak på masternivået var berre 16,3 % av studentane norske. Delen er relativt stabil. Del norske studentar varierer likevel frå studieprogram til studieprogram, frå ingen på masterprogrammet i landskapsarkitektur i Tromsø til 23,1% på masterprogrammet i design.

Læringsmiljø og tilfredsheit

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLIG VERKAND	RESULTAT			MÅLSETNING
	2015	2016	2017	2017
Skår på korleis studentane oppfattar studie- og læringsmiljø	4,0	4,0	4,25	4,0

AHO skårar høgast blant arkitekturutdanningane i Noreg i Studiebarometeret for 2017 med 4,1 poeng (BAS 3,5 og NTNU 3,7) i studentane si evaluering av læringsmiljø. Studentane på master i design gir læringsmiljøet ein skår på 4,1, ein liten auke frå tidlegare. Arkitekturstudentane er litt mindre nøgde enn i 2016, men snitta dei siste fire åra er jamt over 4,0 (skala 1-5). Designstudentane er meir nøgde enn i 2016, og her er skåren stabil over 4,0 over fleire år. Det finst

ikkje talmateriale for landskapsarkitektur på grunn av for få svar i 2013, 2014 og 2017, men skåren for velnøgde blant denne studentgruppa auka i 2016 til over 4,0.

AHO har sett inn tiltak av fagleg og sosial art for studentane i designprogrammet. Det har allereie gjeve resultat i 2017 ved at AHO oppnår heile 4,7 på heilskapsvurdering, og dermed har gått forbi NTNU og HiOA på alle indikatorar som studiebarometeret måler. For eit par år sidan låg designstudiet på AHO bak dei samanliknbare studia, så arbeidet skulen har gjennomført har gjeve resultat. Tiltaka for å skapa eit godt læringsmiljø på designstudiet vil bli vidareført med håp om at dei vil vera med på å halda tilfredsheita like høg framover.

Studentdemokrati

Eit overordna mål for AHO er studentrepresentasjon i alle råd og utval, og studentmedverknad på alle arenaene ved skulen. AHO-studentane brukar mykje tid på skulen, og representasjon og medverknad er viktige faktorar for å skapa eit attraktivt og inkluderande studiemiljø.

Sidan AHO er ein relativt liten skule der studentane brukar mykje tid på studia, har det vore ei utfordring å etablere eit fungerande studentdemokrati og sørgja for god studentrepresentasjon i råd og utval. AHO har i det siste lagt ressursar inn for å byggja dette opp. Gjennom styring av interne økonomiske ressursar, faste møtepunkt og administrativ støtte, har SAHO (Studentutvalet ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo) det siste året bygd seg opp til ein større og meir robust organisasjon med representasjon frå alle studieprogramma. SAHO har vorte ei tydeleg og viktig stemme i arbeidet med å sikra kvaliteten på studia og byggja eit godt læringsmiljø.

Likestilling og arbeidsmiljø

Likestillingsutvalet ved AHO har i 2017 utarbeidd ein ny handlingsplan for likestilling og mangfald. Handlingsplanen har desse hovudprioriteringane:

- Eit tydelegare ansvar for likestilling og mangfald
- Auka del kvinner i vitskaplege toppstillingar
- Leggja til rette for studentar med funksjonsnedsetjing og ekstra behov.
- Arbeide mot trakassering og diskriminering

AHO gjennomfører arbeidsmiljøundersøkingar omlag kvart tredje år. Førre undersøking var hausten 2013, med gjennomgangar av resultatata våren 2014. Det vert enno jobba med nokre av tiltaka som vart sett i verk då. I 2017 har AHO gjennomført ei ny arbeidsmiljøundersøking, ARK, designa og utvikla av sektoren sjølv. Resultata vil bli handsama våren 2018 og så vil ein diskutere seg fram til ulike tiltak.

Verksemdsmål 3.2

AHO skal som ein del av nettverkssamarbeid ta eit nasjonalt ansvar for vidareutdanning og system for livslang læring innan fagfelte våre. AHO skal oppretthalda kontakten med tidlegare studentar gjennom alumni-nettverk.

Vidareutdanning

AHO er med sine erfaringsbaserte vidareutdanningsprogram i urbanisme og arkitekturvern med på å møte det store behovet for planleggingskompetanse (areal- og samfunnsplanleggjarar) i offentlig og privat sektor, og behovet for dokumenterbar kompetanse med tildeling av mastergrad. Eksamensoppgåver og masteroppgåve gjev ei akademisk utdanning, samstundes som oppgåva gjev høve til fordyping i problemstillingar knytte til eige arbeid og eigne interessefelt. AHO vektlegg fagleg diskusjon og kritisk refleksjon i studiet, og dessutan deltaking i faglege og offentlege debattar.

Vidareutdanningsmaster i urbanisme har 21 studentar, noko som er full kapasitet. Den faglege breidda blant studentane har aldri vore større, og arkitektane utgjer ikkje lenger eit fleirtal. Her er planleggjarar, arkitektar, designarar, bydelsrådsgjevarar, eigedomsutviklarar, forskarar, kuratorar, med meir. Dei fleste har fullført utdanning på masternivå, det vera seg innan design/arkitektur, planlegging, samfunnsvitenskap, kulturvitenskap, økonomi eller liknande. Alle arbeider med byutvikling, byforming eller planlegging. Vidareutdanningsmaster i arkitekturvern har 10 studentar, med faglege bakgrunnar som spenner frå arkitektur, arkeologi og kunsthistorie til kulturminneforvaltning, statsvitenskap og historie. Alle har fullført masterutdanning frå før, og fleirtalet jobbar med arkitekturvern i det daglege, men det er også somme som jobbar med eigedomsforvaltning og bypolitikk.

Programma er deltidsstudium tilpassa yrkesaktivitet, og har konsentrerte undervisningsbolkar i form av seminar, spreidd over 2 år. Slik kan deltakarar frå heile landet følgje studia.

Vidareutdanningsmasteren i urbanisme vender seg til dei mange ulike faggruppene som arbeider innan byutvikling, byforming og planlegging. Vidareutdanningsmaster i arkitekturvern gjer også det, men med meir spissa merksemd på bygningsarv med tanke på by- og tettstadsutvikling. Dei to studia samarbeider og dannar eit felles fagleg forum, og studentane følgjer same program i fleire av seminara som inngår i studieløpet.

Seminarseriane ved AHO vert kopla til anna undervisning på masternivå og vert integrert i forskingsmiljøa til skulen. Ei lang rekkje førelesarar vert henta frå AHO sitt nasjonale, nordiske og internasjonale nettverk. Dei programansvarlege byggjer fagleg samarbeid internt, nettverk eksternt og profilerer masterstudia. Det inkluderer òg samarbeidet med profesjonelle institusjonar i fagfelta som NiKU, Riksantikvaren, Oslo kommune (Byantikvaren og Plan- og bygningsetaten), Oslo bymuseum, Akershus fylkeskommune, Statens vegvesen, Asplan Viak, m.fl.

AHO har òg vidareført samarbeidet om ein felles nordisk vidareutdanningsmaster i arkitektonisk kulturarv (NORMAK) med arkitektskular i Danmark, Sverige og Finland. Masteren, som er forankra på Arkitektskolen Aarhus, gjev eit godt utgangspunkt for styrking av eit nordisk nettverk også på andre fagområde. Eit nytt masterløp startar opp hausten 2018.

Alumni

AHO har byrja på arbeidet med å revidera og opparbeida gode alumni-databasar. Dette oversynet over tidlegare studentar, yrkesvalet deira og karrierane, er eit viktig tilskot til kunnskap om korleis utdanninga vert nytta i praksisnære yrke, og kva for utfordringar og framtidige behov vi skal leggja inn i kurs som vert utvikla. AHO har som mål å byggja opp eit godt alumni-nettverk med basis i arbeidet som er starta. AHO gjennomførte òg ei arbeidsmarknadundersøking i 2017 som eit ledd i denne strategien.

Vidareutdanningsmaster i urbanisme har etablert eit spirande alumni-nettverk. Eit felles seminar i januar 2018 for tidlegare studentar (to kull) og noverande studentar vart godt motteke. Planen er no eit årleg alumni-seminar. Dette er òg ein del av studiet sin profil og marknadsføring. Planar om eit tilsvarande seminar for arkitekturvern er under utvikling.

Sektormål 4 Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

AHO har dei siste ti åra hatt ein markant vekst, både når det gjeld studentar, prosjekt og tilsette. Med eit nytt studieprogram i landskapsarkitektur og nye stipendiatstillingar held veksten fram. Det har vore avgjerande at veksten har vore fagleg driven, og at AHO har halde på den effektive organiseringa si med ein stor del vitskapleg tilsette samanlikna med tilsette i støttefunksjonar.

Verksemdsmål 4.1

AHO skal forvalta dei samla ressursane sine effektivt og offensivt, slik at kjerneaktiviteten vert prioritert, strategiske val vert følgt opp og dei faglege måla vert nådd.

Effektivitet og høy kvalitet

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Tal studiepoeng per fagleg årsverk	384	400,9	402,92	400

Med alle studia i finansieringsklasse B, har AHO høve til å prioritera ein god lærar-til-student-ratio. Denne har lege mellom 6-7 studentar per lærarårsverk i den siste 10-årsperioden. Dette vert vurdert som ei investering i kvalitet, og må ikkje forvekslast med manglande effektivitet. AHO sine studentar produserte i gjennomsnitt 53,4 studiepoeng i 2017, noko som ligg langt høgare enn gjennomsnittsstudenten i Noreg, som produserer 41,5 studiepoeng.

Det er ei målsetjing at effektivisering ikkje skal gå ut over kvaliteten i utdanning og forskning. AHO er allereie er ein effektiv institusjon. Om ein samanliknar administrative ressursar opp mot faglege årsverk, er AHO blant dei i sektoren som er mest effektive. UFF-stillingar sin del av totalbemanninga har i fleire år lege på omlag 70%, noko som er langt over snittet for statlege institusjonar, som ligg på omlag 60%. Vi meiner at det er ein indikasjon på ein effektiv institusjon der kjerneaktiviteten vert prioritert. AHO arbeider aktivt med å trekkja vekslar på «smådriftsfordelane» ved å vera ein liten og oversiktleg institusjon.

Samstundes som AHO har små støtteavdelingar, ser vi frå Studiebarometeret og vår eiga læringsmiljøundersøking at studentane jamt over er svært nøgt med desse. I Studiebarometeret er AHO sine studentar meir nøgde med både bibliotek, IKT-tenester og studieadministrasjon og -informasjon enn gjennomsnittsstudenten.

Verksemdsmål 4.2

AHO skal medverka til at nasjonale kunnskapsressursar innanfor arkitektur, urbanisme, landskapsarkitektur og design vert forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar vert fordelt og vert løyst gjennom konsentrasjon og arbeidsdeling.

AHO fekk saman med UiT Noregs arktiske universitet nye studieplassar i landskapsarkitektur i 2016. Desse studieplassane danner grunnlaget for ein fellesgrad mellom dei to institusjonane. (Sjå sektormål 1.2 for meir om dette samarbeidet). Det er òg kunngjort stipendiatstillingar på feltet, som gjennom utdannings- og forskingssamarbeidet vil bli styrkt ved begge institusjonane.

Eit anna utdanningssamarbeid som er på pilot-stadiet, er samarbeidet mellom AHO og Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO) om eit felles emne i designhistorie. Piloten starta i 2015 og skal evaluerast i 2018. Førebelse vurderingar frå studentar og lærarar fortel at dette er vellukka.

AHO og KHiO har inngått ein avtale om bruk av maskinpark i verkstadane på tvers av skulane. Dette er ei prøveordning som gjeld ei avgrensa mengd maskiner og som vil bli evaluert i 2018. Om samarbeidet viser seg fruktbart, er det ønskeleg å sjå på breiare samarbeid.

Kvinner i toppstillingar

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Del kvinner i dosent- og professorstillingar (Nasjonalt styringsparameter) i %	22,5	24,8	23,7	25

Del kvinner i professorstillingar har vore ein hovudtematikk for likestillings- og mangfaldutvalet gjennom dei seinare åra. Likevel har AHO ikkje klart å snu trenden nemneverdig.

I løpet av 2017 har ikkje AHO tilsett nye professorar som har byrja i stillinga. Det er tilsett ein ordinær professor i 2017, ei kvinne, men ho byrjar i stillinga fyrst i 2018. Det er fleire professorat som er i prosess, og leitekomitear arbeider aktivt for å få eit godt søkjargrunnlag. I tillegg er det tilsett ein mann i professor II-stilling.

Vi ser at det er ein sterkare tendens til at mannlege førsteamanuensar søker professoropptrykk enn kvinnelege førsteamanuensar. AHO har i 2017 godkjent eitt professoropptrykk, dette var ein mann. Av dei to opptrykssakene som er under handsaming er begge levert av menn. Dette viser tydeleg at det bør leggjast betre til rette for at kvinnelege førsteamanuensar kvalifiserer seg for opptrykk.

Mellombelse tilsetjingar

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Del mellombels tilsette i undervisning- og forskarstillingar (%)	22,42	13,77	10	12

Det har vore ein reduksjon i mellombels tilsette i 2017 målt mot føregåande år, ein nedgang AHO finn gledeleg. Styret og leiinga ved AHO har gjennom fleire år halde auge med problematikken kring mellombels tilsette, og det har vore ein medviten politikk å heller tilsetja i åremålsstillingar framfor i kortare engasjement. Vi ser no at del mellombels tilsette i undervisnings- og forskingsstillingar har halde fram med å gå ned. Det samla talet på mellombelse tilsetjingar ved AHO har òg gått ned.

		MELLOMBELSE ÅRSVERK I TAL	MELLOMBELSE ÅRSVERK I %	% KVINNER	% MENN
Totalt i verksemda	I år	60,55	43,7	52,1	47,9
	I fjor	66,2	46	54	46
Administrative stillingar totalt	I år	6	16,2	16,7	83,3
	I fjor	7,9	19,7	39,2	60,8
Leiarstillingar	I år	1	33,3	0	100
	I fjor	1	33,3	0	100
Mellomleiarstillingar	I år	3	30,6	33,3	66,7
	I fjor	2,8	28,6	35,7	64,3
Sakshandsamar/ utreiastillingar	I år	2	9,4	0	100
	I fjor	4,1	15,0	51,2	48,8
Undervisnings- og forskarstillingar totalt	I år	17,3	30,4	48,5	51,45
	I fjor	18,35	32,4	50,1	49,9
Professor	I år	0	0	-	-
	I fjor	1,3	6,0	0	100
Førsteamanuensis	I år	3,5	21,2	74,3	25,7
	I fjor	4,1	25,5	61	39
Rekrutteringsstillingar totalt	I år	22,2	100	61,7	38,3
	I fjor	20,2	100	62,9	37,1
Professor II	I år	1,5	100	13,33	86,67
	I fjor	1,3	100	0	100

Resultat og måloppnåing for midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar

AHO har fått løyvd 2,5 millionar kroner til arbeidet med moglegheitsstudien for forpliktande samarbeid mellom Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Norges musikkhøgskole og Kunsthøgskolen i Oslo. Arbeidet starta opp i august 2016 og vart slutført våren i 2017.

Styring og kontroll i verksemda

AHO har ein relativt liten administrasjon som skal ha god nok kapasitet og kompetanse til å gjennomføra den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet. Det vert difor gjort ei kontinuerleg vurdering av kva som er tilstrekkeleg kvalitet, kva som kan løysast ved leigde tenester og der det er mogleg å samarbeida eller kjøpa tenester.

AHO samarbeider aktivt med andre høgare utdanningsinstitusjonar formelt og uformelt gjennom fagadministrative nettverk, rådføring og gjenbruk av arbeidsmetodikk og rutinebeskrivingar.

Rapportering om styring og kontroll

AHO har eit system for internkontroll innanfor økonomiforvaltningsområdet.

Dette består av retningslinjer, policyar, rutinebeskrivingar og nøkkelkontrollar. AHO har også eit system for internkontroll i studieadministrasjonen. Vi meiner å oppfylle krava til i økonomireglementet §§ 4 og 14 og bestemming pkt. 2.4 om internkontroll. Definerte nøkkelkontrollar vert gjennomført kvar tertial.

Effektivisering

AHO har i 2017 vidareført fokus på forenkling av administrative rutinar.

Det vert arbeidd vidare med elektronisk sakflyt for bilag og reiserekningar.

AHO har nedsett ei arbeidsgruppe som jobbar med digitaliseringsstrategi og mogeleg digitalisering av utvalde oppgåver og prosessar. Dette arbeidet held fram i 2018.

Tryggleik og beredskap

AHO gjennomførte ROS-analyse i 2016, og har difor ikkje gjort det i 2017. ROS-analysen frå 2016 er ikkje handsama av styret. AHO vil i 2018 revidera ROS-analysen, og denne vil verta handsama i løpet av året.

Det vart ikkje gjennomført ei regulær beredskapsøving i 2017, då den planlagde beredskapsøvinga i siste kvartal vart utsett til første kvartal 2018. Delar av beredskapsorganisasjonen har likevel delteke på beredskapsopplæring i regi av UH-sektoren. AHO har òg gjennomført korrigerande tiltak både av beredskapsplan og i beredskapsorganisasjonen.

I 2016 etablerte AHO rutinar og verktøy basert på ein mal for Leiingssystem for tryggleik, utarbeidd av Uninett. Leiingssystemet oppfyller dei krava som lovverket og Kunnskapsdepartementet stiller til arbeidet med informasjonstryggleik i UH-institusjonar.

Det er etablert ei rolle som Informasjonssikkerhetsansvarlig (ISA). IKT-sjefen er tildelt denne rolla. Informasjonstryggleiksforumet er samansett av eigarar av dei ulike digitale tenestene. AHO har oppretta eit eige IRT-team som mottek og varslar om hendingar oppdaga av nasjonale tryggleiksstyresmakter og Uninett IRT.

Årsplanen for 2017 (årshjul for tryggleik) inneheldt planlagde tiltak for IKT-beredskapsøvingar, opplæring, endring av tryggleikskultur og etterleving, oppdatering annakvart år av ROS-analysar, gjennomføring av tryggleikstiltak, tryggleiksrevisjon og gjennomgang med leiinga.

Dokumenta er godkjent av styret.

Leiingssystem for informasjonstryggleik

I 2016 innførte AHO rutinar for rapportering og handtering av avvik. Desse er skildra i leiingssystem for informasjonstryggleik og både studentar og tilsette er i 2017 orientert om desse rutinane.

Alle hendingar vert rapportert inn til ein eigen kø (meldingsboks) i servicedesksystemet. ISA vurderer graden av alvor og rapporterer til leiinga ved direktør organisasjon og dessutan til informasjonstryggleiksforum som består av alle tenesteeigarane.

Dei viktigaste avvika og forslag til tiltak vert handsama årleg i gjennomgangen til leiinga og dannar grunnlag for «Årsplan for ISA».

På bakgrunn av innføringa av den nye personvernforordninga i EU, (GDPR) starta AHO hausten 2017 arbeidet med å oppdatere leiingssystem for informasjonstryggleik med varslingsrutinar og dessutan ein gjennomgang av informasjonsverdiar (tenester) for å identifisera og dokumentera persondata og bruken av desse. Personvernsfråsegner og databehandlaravtaler vert revidert som ein følgje av dette i tråd med krava i GDPR.

Panorama-strategien

AHO har dei siste åra skapt nye samarbeidsflater med institusjonar i land under Panorama-strategien. Det har vore jobba strategisk med å flytta fokus mot partnerar i desse landa, og resultatane i 2017 har vist at det har bore frukter både fagleg og økonomisk.

Kina har lenge vore eit fokusland for AHO, og i løpet av 2017 har skulen fått midlar til eit UTFORSK-prosjekt med Chinese Academy of Fine art (CAFA) rundt urbanisering av den kinesiske landsbygda. Prosjektet DesignBRICS, som er eit nettverkssamarbeid mellom AHO, Hunan University i Kina og Cape Peninsula University of Technology (CPUT) i Sør-Afrika, er òg tildelt UTFORSK-støtte. Begge prosjekta fell inn under både Panorama-strategien og langtidsplanen for forskning.

I tillegg til dei nemnde prosjekta har AHO òg gradvis bygd opp samarbeid mot Brasil og University of Sao Paulo (USP). AHO inngjekk ein avtale i 2016 med USP v/fakultet for arkitektur og urbanisme, noko som har resultert i søknad til SIUs UTFORSK-program og samarbeidskurs på masternivå i 2017 som tok utgangspunkt i Sao Paulos utfordrande urbanitet.

Likestilling, mangfald, diskriminering og lagleg tilkomst

AHO vedtok i 2017 ein ny handlingsplan for likestilling og mangfald for perioden 2017-2018.

Hovudfokus for handlingsplanen er følgjande tema:

- Eit tydelegare ansvar for likestilling og mangfald
- Auka del kvinner i vitskaplege toppstillingar
- Leggja til rette for studentar med funksjonsnedsetjing og ekstra behov.
- Arbeida mot trakassering og diskriminering

Det første punktet er ein direkte konsekvens av oppsummering av den førre planperioden, der ein såg at likestillingsutvalet ikkje fekk tilstrekkeleg gjennomslag.

Målet om å auka del kvinner i vitskaplege toppstillingar vert vidareført frå førre planperiode, dette inkluderer tiltaka som vi såg i liten grad var sett i verk. Vi trur likevel at med ei betre forankring av handlingsplanen er dette tiltak som vil kunne ha effekt.

Tilrettelegging for studentar med funksjonsnedsetjing og ekstra behov er ei spissing av mangfaldsfeltet, og er særleg aktuelt i ein fase der AHO skal ta i bruk nye lokale.

Arbeid mot trakassering og diskriminering er eit felt som jamleg bør ha eit spesielt fokus. Dette var sist eit hovudfokusområde i 2010-2011, og det er difor naturleg igjen å retta fokus mot området. Med #metoo-kampanjen fekk dette feltet òg ein ny aktualitet.

Det har over lengre tid vore arbeidd med lønsskilnadene mellom kvinner og menn. AHO har gjennom fleire lønnsoppgjer sikra ein likelønsprofil, no ligg kvinner i gjennomsnitt over menn i alle stillingskategoriar og det vil vera viktig at vi sikrar at kvinner ikkje systematisk går forbi menn.

TABELL 1 KJØNNBALANSE OG LØN⁹

STILLING	ÅRSTAL	KJØNNBALANSE			GJENNOMSNITTLØN		
		% MENN	% KVINNER	TOTALT ÅRSVERK	MENN	KVINNER	TOTALT
Professor	2017	67,9	32,1	21,8	819'	825'	820'
	2016	75,2	24,8	21,8	80,6	81,14	80,7
Førsteamanuensis	2017	52,4	47,6	17	633'	641'	636'
	2016	53,4	46,6	16,1	71,1	71,25	71,2
Stipendiat	2017	38,1	61,9	21	461'	463'	462'
	2016	37,1	62,9	20,2	54	52,9	53,6
Universitetslektor	2017	60,9	39,1	17,5	580'	596'	587'
	2016	51,6	48,4	14,1	66,23	67,38	66,8
Rådgjevar	2017	21,5	78,5	19,1	524'	537'	534'
	2016	26	74	19,2	61,5	60,8	61

Kilde: DBH / AHO statistikk til Lønnsforhandling

TABELL 2 KJØNNBALANSE

STILLINGSGRUPPE	ÅRSTAL	% MENN	% KVINNER	ANTALL
Instituttleiarar	2017	50	50	4
	2016	50	50	4
Avdelingsleiarar	2017	33,3	66,7	6
	2016	33,3	66,7	6

Kjelde: DBH * DBH-statistikk er basert på årsverk. Her vert kjønnsbalanse berekna etter tal på tilsette

TABELL 3 SØKJARAR OG TILSETTE

STILLINGSKATEGORI	UTLYSTE STILLINGAR*				TILSETTE UTAN UTLYSNING**	
	TAL SØKJARAR		TAL NYTILSETTE		TAL TILSETTE	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Førstestillingar og høgare	17	55	3	-	-	1 ¹⁰
Lærer- og lektorstillingar	17	11	1	3	-	-
Rekrutteringsstilling	29	30	2	1	-	-
Tekniske og administrative	107	22	2	2	-	-
Leiar- og mellomleiarstillingar	-	3	-	1	-	-

Kilde: JobbNorge/ Public 360

⁹ På grunn av omlegging til to hovudtariffavtalar kan ikkje lenger lønsstatistikk utarbeidast ut frå lønstrinn. Her ligg 2016-tal i lønstrinn, medan 2017-tal ligg som årsløn i næraste tusen.

¹⁰ Dette er ein professor //

Vurdering av framtidsutsikter

Sektormål 1 Høg kvalitet i utdanning og forskning.

Verksemdsmål 1.1

AHO skal utdanna mastergradskandidatar som held eit høgt internasjonalt nivå innanfor arkitektur, urbanisme, landskapsarkitektur og design og som er kvalifisert for regionale, nasjonale og globale arbeidsmarknader.

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	51,9	53,9	51,9	50
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	4,6	4,5	4,5	4,5

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
TAL SØKJARAR PER STUDIEPLASS				
Tal førstevalssøklarar per studieplass (1ste år)				
DESIGN	4,2	4,2	4,9	5
ARKITEKTUR	11,8	11,2	12,78	12
INTEGRERT MASTER I LANDSKAPSARKITEKTUR ¹¹	-	-	-	4
Tal innpassingssøklarar per studieplass (4 år)				
ARKITEKTUR	34,5	39,6	38,8	35
Tal søklarar til master (2 år)				
LANDSKAPSARKITEKTUR	5,45	5,4	6,9	12
DESIGN ¹²	10,6	11,9	8,0	12

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Del studentar på masterutdanning som gjennomførte på normert tid (%)	70,5	45	58,8	70

LOKAL STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Studiepoengsproduksjon (60 stp einingar)	544	524	557	570

¹¹ Fyrste opptak haust 2018.

¹² Nytt toårig studium i 2017. Fram til 2017 søkte studentar innpassing på den femårige mastergraden i design.

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
GJENNOMFØRING:	2015	2016	2017	2018
Tal kandidatar med fullført vitnemålsgjevande mastergrad				
DESIGN	29	34	36	45
ARKITEKTUR	72	53	55	60
LANDSKAPSARKITEKTUR	19	18	17	20

RISIKOVURDERING OG TILTAK

I 2018 vil det viktigaste arbeidet vera å sikra oppstartinga av den nye integrerte mastergraden i landskapsarkitektur i samarbeid med UiT Noregs arktiske universitet. Dei tre største risikofaktorane vil vera søkjarar, god etablering av programmet og rett rekruttering av tilsette. AHO må saman med UiT sikra nok kvalifiserte søkjarar gjennom ein gjennomtenkt og god rekrutteringskampanje, jobba systematisk for å etablera ein studiekvalitetskultur rundt studiet heilt frå starten, og ha merksemd på å rekruttera nok og fagleg dugelege tilsette til å driva programmet framover. Det er alltid ein risiko ved å starta opp nye studieprogram, men sidan programmet er det første femårige felles integrerte masterprogrammet i Noreg, vil det innebera ekstra merksemd frå heile AHO rundt oppstartinga av programmet.

Studieprogramma ved AHO held eit høgt fagleg nivå og det er i 2018 planlagt fleire tiltak for ytterlegare å fremja kvaliteten, som revidering av læringsutbyttebeskrivingar, sensorrettleiingar og masterforskrift. Målet for revisjonane er å sikra rettane til studentane, sikra heilskaplege studieprogram og evalueringsregime.

Våren 2018 vil AHO få tilsynsbesøk frå NOKUT, som følgjer opp den reviderte studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta. AHO har allereie gjort mange tiltak for å tilpassa seg dei reviderte forskriftene og vil halda fram med dette i 2018. Skulen må jobba systematisk med å følgja opp tilbakemeldingane frå dette besøket, saman med krava stilt i kvalitetsmeldinga.

AHO har ein noko lågare gjennomføringsgrad enn målalet. Vi understrekar at tala i tabellen berre gjeld for landskapsarkitekturstudiet. Frå våren 2019 vil også den 2-årige mastergraden i design bli inkludert i talmaterialet. Små studentkull fører gjerne til store variasjonar i gjennomstrøyming, men dette vil bli halde under oppsikt i året som kjem.

Fordi 20 nye studentar skal takast opp på det integrerte masterprogrammet i landskapsarkitektur hausten 2018, ventar AHO ein liten auke i produserte studiepoeng for 2018.

Verksemdsmål 1.2

AHO skal ha eit utstrekt internasjonalt og nasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet av studentar	3,13	5,98	2,80	3,50

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Tal utreisande studentar per år	34	44	25	35
Tal innreisande studentar per år	65	59	55	60

RISIKOVURDERING OG TILTAK

Det er ein risikofaktor at kvantitet kan gå framfor kvalitet når det dreier seg om innreisande og utreisande studentar. Det er ikkje eit mål for AHO at flest mogleg reiser ut, men at dei som reiser ut får eit styrkt fagleg utbytte av opphaldet, og at det ikkje medverkar til forseinkingar i studiet. I 2018 vil AHO følgja opp dei endra retningslinjene for internasjonalisering, igjen med mål om å sikra studiekvalitet og progresjon for kvar enkelt student. Mobilitetsvindauget er gjort mindre ved at det er stramma inn på når i studieløpet studentane kan reisa på utveksling. Dette er gjort for å forhindra at studentar vert forseinka i sine studieløp.

Det er ein risikofaktor at talet på utreisande studentar fell og AHO bør jobba for å halda dette talet på eit noko høgare nivå. Skulen er nøgd med delen utreisande på Erasmus+-avtalar, men må framleis jobba strategisk med å kvalitetssikra og sjå til at alle avtalar held eit høgt fagleg nivå. Det er òg vedteke å ikkje lenger fasilitera utveksling gjennom individbaserte avtalar. All utveksling ved AHO skal no gå føre seg innanfor avtalenettverket.

Det vil i 2018 bli jobba med å utarbeida ein ny handlingsplan for internasjonalisering for å laga eit klårt rammeverk for korleis internasjonalisering kan medverka til auka utdanningskvalitet. Dei tiltaka som vil bli følgde opp i 2018 er å inngå programspesifikke utvekslingsavtalar for kvart studieprogram. I tillegg vil ein jobba vidare med å utvikla tvillingkurs med prioriterte samarbeidspartnarar og bruke internasjonale konkurransar som plattform for internasjonalisering og benchmarking. Alle desse tiltaka er sett i verk for å sikra at internasjonalisering ved AHO har eit fokus på kvalitet framfor kvantitet.

Studieadministrasjonen har gjennomført ein ny struktur på arbeidsoppgåver, for å sikra at internasjonal koordinator få større kapasitet til å kvalitetssikra nye og eksisterande avtalar.

Verksemdsmål 1.3

AHO skal tilby forskarutdanning av høg kvalitet som både byggjer på den akademiske tradisjonen og praksisforankringa ved skulen.

NASJONALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogrammet 6 år tidlegare (Nasjonalt styringsparameter)	60% 3 av 5	50% 1 av 2	60% 6 av 10	66,6% 8 av 12

13

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED ÅRLEG VERKNAD	RESULTAT			MÅLSETJING
	2015	2016	2017	2018
Nye doktorgradskandidatar med ekstern finansiering	7	0	3	3

LOKALT STYRINGSPARAMETER MED TREÅRLEG GJENNOMSNITT	RESULTAT			MÅLSETJING
	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2016-2018
Tal doktorgrader i gjennomsnitt	6	6,6	7,33	7,50
Avbrotne doktorgradsavtaler i 1. år	0	0	0	0

RISIKOVURDERING OG TILTAK

AHO har over lengre tid retta merksemd mot gjennomstrøyming og på å auka denne. Det er sett inn tiltak for å ha ei tettare oppfølging av studentane gjennom progresjonsrapportering, forankring av ansvar i Forskingsutvalet, skiping av programkomité for ph.d.-programmet og fokus på fellesarenaer som konferansar og disputasar. Gjennomføringsprosenten er akseptabel, og AHO er nøgd med den aukande mengda disputasar dei siste åra. Denne tendensen ser ut til å halda fram.

Skulen må halda fram arbeidet med å sikra eksternfinansierte stipendiatar på ph.d.-programmet. Dette er viktig både for å fylla krav i forskrifter, men ikkje minst for å sikra eit godt læringsmiljø.

Våren 2018 vil AHO få tilsynsbesøk frå NOKUT som følgjer opp den reviderte studietilsynsforskrifta. AHO har allereie gjort mange tiltak for å tilpassa seg dei reviderte forskriftene og vil halda fram med dette i 2018. Ph.d.-programmet ved AHO er eitt av programma det vil bli ført tilsyn med. Skulen må jobba systematisk med å følgja opp tilbakemeldingane frå dette besøket, saman med krava stilt i kvalitetsmeldinga.

Verksemdsmål 1.4

